

Midlar til utviklingstiltak 2007

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 CONNECT Vest-Norge vert tildelt kr 100 000 for 2007.
- 2 Western Norway Film Commission vert tildelt kr 140 000 for 2007.
- 3 Dei fire regionråda i fylket vert kvar tildelt kr 550 000 for 2007, dekkja med avsette midlar til regionråda. Det skal utarbeidast samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og kvart av regionråda, og fylkesdirektøren får fullmakt til å signere denne avtala.
- 4 IT-forum vert tildelt kr 500 000 for 2007.
- 5 Sogn og Fjordane reiselivsråd vert tildelt kr 100 000 for 2007.
- 6 Det vert avsett kr 150 000 til samarbeidstiltak retta mot utdanning og næringsliv.
- 7 Løyvingane vert dekkja med avsette midlar til regionråda og disponible utviklingsmidlar på plan og næring sitt budsjett for 2007. Tildelinga til IT-forum vert i første omgang finansiert med disponible utviklingsmidlar, i påvente av eventuell finansiering gjennom omdisponerte prosjektmidlar.

Prenta vedlegg:

1. Søknad frå Connect Vest-Norge
2. Søknad frå Western Norway Film Commisjon
3. Søknad frå IT-forum
4. Søknad frå Sogn og Fjordane reiselivsråd

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Då HPN fastsette fordelinga av budsjettet i januar vart det sett av disponible midlar som HPN kan disponere utover i 2007. Dei avsette midlane til omstillingsarbeid og fylkesplanprogramma vart fordelte i februar-møtet. I denne saka vurderer vi midlar til ein del andre tiltak, hovudsakleg på grunnlag av innkomne søknader. Dette gjeld også søknader som kom inn i samband med budsjettarbeidet for 2007, og som til denne tid ikkje har fått midlar.

Etter at vi har gjort greie for den økonomiske statusen tek vi føre oss kvart av dei aktuelle tiltaka.

2. ØKONOMISK STATUS

I januar-saka sette HPN av 4 mill kr som ikkje var øymerka til spesielle føremål. I februar nytta ein 1,1 mill kr av desse til omstillingstiltak i kommunane. Innsatsen innan omstilling vart då auka frå 6 mill kr til 7,1 mill kr.

HPN nytta elles 0,36 mill kr av desse midlane i samband med delfinansiering av Maritimt kompetasesenter i Måløy. Fylkestinget har gjort vedtak om at fylkeskommunen skal bidra med 0,4 mill kr i Njøs hagebrukscenter, finansiert med regionale utviklingsmidlar.

Av dei avsette 4 mill kr er det no nytta 1,86 mill kr, og det er då att 2,14 mill kr. Det ligg elles føre ei eiga sak til dette møtet om midlar til TUN +, der det er tilrådd å gå inn 0,2 mill kr, også finansiert av dei avsette 4 mill kr.

Nokre av dei omsøkte tiltaka er store, og det er då naturleg å henvise dei vidare til budsjettarbeidet for 2008.

3. SØKNAD FRÅ CONNECT Vest-Norge

Bakgrunn

CONNECT Vest-Norge søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr 150 000 i støtte til drift for 2007. Hovudutval for plan og næring har tidlegare løyvd kr 50 000 i støtte til drift av CONNECT Vest-Norge for høvesvis 2005 (sak 16/05) og 2006 (sak 40/06).

Nærare omtale

CONNECT Vest-Norge er ei foreining som baserer seg på frivillig innsats. Formålet til CONNECT Vest-Norge er å kople entreprenørar med de finansielle, teknologiske og rådgivande ressursane som er naudsynte for utvikling av nye levedyktige teknologi- og kompetansebaserte føretak i Vest-Norge. Springbrett er CONNECT si kjerneteneste. Formålet til Springbrett er å hjelpe bedrifter med å utvikle eigen forretningsstrategi, ved mellom anna å forbetre forretningsplanen og førebu møte med investorar.

CONNECT Vest-Norge ønskjer å spele ei aktiv rolle i utviklinga av Vestlandsregionen. Pr 1.10.2006 hadde CONNECT Vest-Norge to heiltidstilsette. CONNECT Vest-Norge har trong for å auke bemanninga for å kunne gjennomføre aktivitetar i ønska omfang og tidshorisont.

CONNECT Vest-Norge sine kvalitative mål for 2007 er følgjande:

* Styrke det internasjonale nettverket

- * Kartlegge kompetanse samt investere i teknisk infrastruktur
- * Vidareutvikling av regionalt nettverk

CONNECT Vest-Norge har for 2007 mål om å gjennomføre 20 CONNECT Pre-Springbrett/Springbrett, 3-5 internasjonale CONNECT Springbrett, 1 nasjonalt investorforum i samarbeid med andre aktørar, 1-2 regionale investorforum og 1 partnerskapsforum innan olje, gass og energi i regi av CONNECT Noreg med CONNECT Vest-Norge som ansvarleg utførar.

Sidan 2001 er det gjennom CONNECT Vest-Norge tilført selskap om lag kr 150 mill i eigenkapital etter gjennomføring av 75 CONNECT Springbrett. I tillegg seier om lag 80 prosent av vekstentreprenørane at de har fått ein forbetra forretningsplan gjennom CONNECT Springbrett. CONNECT Vest-Norge har i overkant av 200 frivillige ekspertar/ressurspersonar i sitt nettverk og i overkant av 150 gründerbedrifter i si portefølje.

CONNECT Vest-Norge har i løpet av 2006 arbeidd mye med å utvide det geografiske nedslagsfeltet samt styrke nettverk utanfor Bergensregionen. I Sogn og Fjordane har CONNECT Vest-Norge arbeidd tett med inkubatormiljø i Årdal, Høyanger og Stryn med formål å hjelpe lokale selskap samt bygge nettverk for inkubatormiljøa ut over regionen. Det er vidare inngått samarbeid med Inkubatoralliansen (Fjord Inkubator, Inkubator Vest og Inkubas) om aktivitetar som Springbrett, kapitaldag med investorforum, medlemsrekruttering og kartlegging av ekspertkompetanse i fylket. Det er også innleia kontakt med miljø i Måløy. CONNECT Vest-Norge har sidan 2004 medverka til ei rekkje samarbeidsrelasjonar på tvers av fylkesgrenser og til mellom anna etablering av Tape Invent AS i Vadheim.

CONNECT Vest-Norge ved dagleg leiar Torstein Skage har ifrå 1.1.2007 overteke dagleg leiar ansvaret for stiftinga CONNECT Norge. Styreleiar i stiftinga CONNECT Norge og CONNECT Vest-Norge er Sjur Storaas (dagleg leiar Hordaland Olje og Gass).

CONNECT Vest-Norge søker også Hordaland fylkeskommune om kr 300 000 og Bergen kommune om kr 400 000 i støtte til drift for 2007. Bergen kommune har løyvd kr 250 000 i støtte til drift, medan Hordaland fylkeskommune ikkje har handsama søknaden enda. I tillegg har Bergen kommune løyvd kr 175 000 i tilknytning til arrangement. Hordaland fylkeskommune har løyvd kr 100 000 i tilknytning til arrangement.

Vurdering

Entreprenørar og bedrifter i Sogn og Fjordane har trong for den type kompetanse som CONNECT Vest-Norge tilbyr. Fylkeskommunen bør derfor gje økonomisk støtte til drift av CONNECT Vest-Norge.

Tilråding

Vi rår til at søknaden frå CONNECT Vest-Norge vert imøtekomen med kr 100 000 i støtte til drift for 2007.

4. SØKNAD FRÅ FILMKOMMISSJONEN

Bakgrunn

Western Norway Film Commission/Filmkommissjonen har søkt om kr 170 000 i støtte til sitt arbeid.

Nærare omtale

Western Norway Film Commission (WNFC) si viktigaste oppgåve er å marknadsføra og legge til rette for filmproduksjonar i Rogaland, Hordland og Sogn og Fjordane. Målgruppa er filmprodusentar frå andre land, og samarbeidspartnarane er den nasjonale filmkommisjonen, lokale filmprodusentar og andre aktørar i filmbransjen.

WNFC held til i Bergen, saman med eit kreativt audiovisuelt miljø. Sentralt blir filmmiljøet i Stavanger og Bergen trekt fram som dei mest løfterike. WNFC er den fyrste regionale filmkommisjonen i Norge. Marknadsføringa skjer ved reklamemateriell og nettsider. Postkort med informasjon om nettsidene er sende til 3000 produksjonsselskap i Europa og USA. Location-brosjyre er sendt til 2000 produksjonsselskap. Filmkommisjonen har delteke på nettverksmøte, festivalar m.m. Filmkommisjonen arrangerer elles studieturar til Vestlandet for filmprodusentar.

Filmkommisjonen fekk i åra 2003, 2004, 2005 og 2006, mellom kr 100.000 til kr 140.000 i tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Hausten 2005 søkte dei om vidareføring av dette "prosjektet" for åra 2006-2008, med årleg tilskot frå kvart fylke på kr 170.000.

Hordaland har løyvd tilskot for tre år i tråd med søknaden, medan Rogaland har inngått ein intensjonsavtale for tre år, med årlege løyvingar.

Vurdering

Western Norway Film Commission sitt arbeid for filmindustrien og filmproduksjonar på Vestlandet er framtidsretta. WNFC har medverka til fleire filmproduksjonar til Sogn og Fjordane, og skapt ei auka interesse for Sogn og Fjordane som filmarena. Den direkte verdiskapinga knytt til filmproduksjon kan vere betydeleg, og det same kan den indirekte verdiskapinga vere – med auka turisme i ettertid. Vi tilrår at fylkeskommunen går inn med same støtte om lag som for 2006, dvs kr 140 000. Dette må også dekke evt studieturar til Sogn og Fjordane.

Vi tek på dette tidspunkt ikkje til orde for ei ny fleirårig avtale med filmkommisjonen, og tek stilling til stønad for eitt år om gongen.

Tilråding

Western Norway Film Commission vert tildelt kr 140 000 for 2007.

5. MIDLAR TIL REGIONRÅDA

Bakgrunn

Dei fire regionråda vart kvar tildelt kr 550 000 for 2006, og det vart inngått samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og kvart av regionråda. Dette sikrar også bra samsvar mellom satsingsområda i fylkesplanen og tiltaka i dei regionale utviklingsplanane til regionråda. Det er også i år sett av samla 2,2 mill kr til regionråda, jf HPN si budsjettfordelingsak i januar.

Vurdering og tilråding

Dei fire regionråda i fylket vert kvar tildelt kr 550 000 for 2007, dekka med avsette midlar til regionråda. Det skal utarbeidast samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og kvart av regionråda, og fylkesdirektøren får fullmakt til å signere denne.

6. SØKNAD FRÅ IT-FORUM

Bakgrunn

IT-forum Sogn og Fjordane har søkt fylkeskommunen om 0,5 mill kr for 2007. IT-forum har fått tilsvarende støtte tidlegare år, men då finansiert med midlar frå det no avvikla prosjektet IKT og open forvaltning (som dels har vore finansiert med Høykom-midlar).

Nærare omtale

I søknaden heiter det at IT-forum er eitt breitt samarbeid og spleiselag som skal sikre at Sogn og Fjordane er i fremste rekkje i å utnytte IKT i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. IT-forum utfører eit omfattande arbeid med å initiere, samordne og sikre viktige utviklingsaktivitetar til nytte for heile fylket. Blant medlemmane finn vi m.a. fylkesmannen, fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Statens vegvesen, NHO, Hydro Aluminum as, Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

I handlingsplanen finn vi m.a. følgjande strategiar:

- vidareføre tung satsing på digital forvaltning
- sikre komplett utbygging av infrastruktur
- vidareutvikle aktivitetar saman med næringslivet
- vidareutvikle samarbeidet innan helse og IKT
- utvikle samarbeid og satsingar skule og utdanning

Vurdering og tilråding

IT-forum har ein viktig funksjon også vidare framover, og fylkeskommunen bør ta sin del av dette spleiselaget. Vi nemner breiband-satsinga som eit godt døme på dette. Her har IT-forum gjennom undernettverket Breibandforum både vore initiativtakar og samordnar av aktivitetar som har tilført om lag 70 mill kr til utvikling av infrastruktur og innhaldstenester.

Det er ledige prosjektmidlar i samband med det no avvikla prosjektet IKT og open forvaltning, og løyvinga kan venteleg finansierast av desse slik som tidlegare. Men først må ein avrekne prosjektrekneskapan, slik at ein er heilt trygg på at dette er råd. I første omgang bør vi derfor finansiere løyvinga med disponible utviklingsmidlar. Så kan vi eventuelt heller omfinansiere løyvinga seinare.

Tilråding

IT-forum Sogn og Fjordane vert tildelt 0,5 mill kr for 2007. Tildelinga til IT-forum vert i første omgang finansiert med disponible utviklingsmidlar, i påvente av eventuell finansiering gjennom omdisponerte prosjektmidlar.

7. SØKNAD FRÅ SOGN OG FJORDANE REISELIVSRÅD

Bakgrunn

Sogn og Fjordane reiselivsråd/SFR har søkt om kr 150 000 til utvikling og drift av SFR.

Nærare omtale

Aktiviteten i SFR har vore liten dei siste 10 åra, og SFR har no avgrensa si verksemd til m.a. fagsamlingar, koordinert turistinfo i Bergen og samla destinasjonsselskapa som ein kampanjedeltakar i Fjord Norge sine brukarkampanjer. I søknaden vert det synt til den

rapporten som fylkeskommunen, Innovasjon Norge og fylkesmannen har henta inn frå Vestlandsforskning og høgskulen. Denne tek til orde for ei styrking av fylkesleddet innan reiselivet.

Vurdering

SFR har årleg vorte støtta med om lag kr 70 000 pr år. Det vart ikkje søkt om midlar for 2006. Den innhenta rapporten frå Vestlandsforskning og høgskulen tilrår som nemnt ei styrking av eit felles fylkesledd innan reiselivet, men vi tek her ikkje stilling til om vi i denne samanheng bør bygge vidare på SFR. Vi går inn for eit tilskot som sikrar aktivitet i SFR til ein har fått avklart den framtidige organiseringa.

Tilråding

Sogn og Fjordane reiselivsråd vert tildelt eit tilskot på kr 100 000 for 2007.

8. SØKNADER SOM KOM INN I SAMBAND MED BUDSJETTARBEIDET FOR 2007

I samband med budsjettprosessen for 2007 kom det inn ein rekkje søknader, og ein del av desse tiltaka har fått midlar. Fleire av tiltaka er imidlertid så store at det har lite føre seg å gjere noko fullstendig vurdering av desse no i samband med fordeling av midlane for 2007. Cruise-kai i Vik er eit døme på dette, der det vert søkt om 13 mill kr. Dette og andre større tiltak vert å syne vidare til arbeidet med nytt budsjett og økonomiplan.

9. ANDRE TILTAK

Det er trong for å setje av litt midlar til diverse arbeid i samband den samhandlinga som vi har med samarbeidspartnarane våre, først og fremst knytta til møte og samlingar.

Eitt konkret framlegg som er drøfta med Opplæringsavdelinga og Innovasjon Norge er å arbeide saman for å motivere bedriftene til å ta inn fleire lærlingar. Vi har i den samanheng m.a. tenkt på samlingar der vi inviterer bedrifter til ettermiddagssamlingar med det viktigaste føremålet å orientere og motivere for auka innsats for lærlingar. På slike samlingar kan vi også fortelje litt om Innovasjon Norge og fylkeskommunen sine virkemiddel i næringsamheng.

På grunnlag av dette rår vi til at det vert sett av kr 150 000 til samarbeidstiltak retta mot utdanning og næringsliv.

10. KONKLUSJON/TILRÅDING

Gjennom denne saka tilrår ein midlar til:

- CONNECT Vest-Norge
- Western Norway Film Commission
- Dei fire regionråda i fylket
- IT-forum
- Sogn og Fjordane reiselivsråd
- samarbeidstiltak retta mot utdanning og næringsliv

Det vert samla tilrådd å nytte kr 990 000, i tillegg til dei tidlegare avsette midlane til dei fire regionråda. Tildelinga til IT-forum vert i første omgang finansiert med disponible utviklingsmidlar, i påvente av eventuell finansiering gjennom omdisponerte prosjektmidlar.